

Ope møte om flyktnings situasjonen

Bø kommune, med ordføreren i spissen, inviterer alle som vil bidra når kommunen i 2016 skal ta imot ekstra flyktningar til ope møte. Møtet er sett til 26. januar. Kommunen peikar på at for å få til ei vellykka integrering, og at dei som kjem til Bø skal lære korleis det er å leve her, er ein avhengig av at mange bidreg med hjelp og engasjement. Ein veit enno ikkje kven som kjem.

Det kan vera syriske familiar og det kan vera einsleg midreårige frå Afghanistan eller andre land, og kommunene vil vite kva ulike grupper i lokalsamfunnet kan bidra med. Det kan til dømes vere språktrening, ein kan invitere nokon på middag, på kafé eller kanskje ein tur i Gullbring. Ein kan også hjelpe ungdom som treng køyretrening, leksehjelp eller køyring til fritidsaktivitetar.

Møte i planutvalet

Utval for plan, teknikk og næring (PTN) har ordinært møte på Bekkevoll komande tysdag. Utvalet skal på synfaring både i Liheia og på Napastaa. På sakskartet står 15 saker, blant anna detaljreguleringsplan for hytteplan på Høgefjell, Lifjell, brukundersøking på byggjesaksavdelinga, sak om flyktnings situasjonen i Noreg, søknad om utleigebustad i Grivibakken og ei sak om opparbeiding av vatn og kloakk i Bø Handelpark.

Folkeavstemming om ny

Korleis skal kommunstyrepolitikarane høyre innbyggjarane i Bø for å få vite om dei er for eller imot ei kommunesamanslåing? Formannskapet har diskutert meiningsmåling, men droppa det.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

– Dersom det blir ei folkeavstemming med deltaking under 50 prosent og resultatet i folkeavstemminga blir 48 mot 52 prosent, kva gjer me då? Det må me ha med, ansvaret ligg i denne salen, sa ordførar Olav Kasland (V) i formannskapsmøtet måndag.

Då diskuterte formannskapet korleis innbyggjarane skal høyrast om kommunesamanslåing. Det er fleire alternativ som kan veljast, for eksempel folkeavstemming eller innbyggjarhøyring. Det siste er om lag som ei meiningsmåling. Ein spør det ein meiner er eit representantivt utval av innbyggjarane om kva dei meiner om nokre utvalde spørsmål.

Lite engasjement

Nokre lokalpolitikarar har vore usikre på om ei folkeavstemming er rett, men Kasland peikte på at dei flese politikarane no går for ei folkeavstemming i saka.

– På møte treffer ein dei same personane, viser erfaringa. Det er ikkje det store engasjementet,

spesielt gjeld det dei som er under 50 år, sa Kasland.

Han lurte på kva politikarane skal gjere dersom det er få som stemmer og resultatet av avstemminga er veldig jamnt.

– Då kunne det vere godt å ha eit supplement, meinte Kasland.

Med supplement meiner han for eksempel ei høyring å la ei meiningsmåling utført av eit profesjonelt byrå.

Folkeavstemming best

– At ei opinionsundersøking skal vere meir representativ enn ei meiningsmåling skurrar for meg. Eg trur det bli prata rundt kjøkenborda. Informasjonsstrategien blir veldig viktig. Det skal bli veldig låg deltaking i ei folkeavstemming før eg ikkje følger den, meinte Bergit Askildt Myrjord (V).

– Sit folk heime tolkar eg det slik at det ikkje betyr noko for dei. Me har ikkje noko betre enn folkeavstemming, meinte varaordførar Borgar Kaasa (Sp).

Ikkje „elt te Bø”

– Det folk er opptatt av er resultatet av forhandlingane, om administrasjonen skal ligge på Ulefoss, for eksempel. Men det vil ikkje bli „alt til Bø”, det må me gjere klart, påpeika Asbjørn Botnen (H).

– Blir det forvirrende med begge deler, spurde Glenn T. Isaksen (Ap).

Men han lurte også på om ei innbyggjarhøyring kan vere med på å få igang debatten.



Kva skal ein vektlegge. Korleis skal ein vektlegge ei avstemming mot ei innbyggjarhøyring, spurde Bergit Askildt Myrjord (midten) i formannskapet. Rundt bordet f.v. Asbjørn Botnen (ryggen til), Kristin D. Bøen, Glenn Isaksen, Silje Dalen, Bergit A. Myrjord, Borgar Kaasa, Svein Lerum (delvis skjult), Olav Kasland og Åse Egeland.

Kasland jobba med å finne ut kva han meiner er rett.

– Det kan vere vi slår inn opne dører. Det kan vere viktigare med ei god informativ brosjyre til folk og så seier dei ja eller

nei til det. Det handlar også om disponering av pengar, sa Kasland tvilande midt ute i debatten.

Kva skal ein vektlegge?

– Korleis skal me vekte ei av-

stemming opp mot ei innbyggjarundersøking, spurde Askildt Myrjord.

Ho meinte at ein ved å gjere begge deler kunne kome til å lage problem for seg sjølve. Ho

Kjempesprekk i barnevernet

Barnevernet sprekk med 3,6 millionar kroner, ikkje 600.000. Det kjem fram i rekneskapen for dei ti første månadane som vart presentert for formannskapet i møtet måndag.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Formannskapet fekk presentert andre tertialrapport, det vil seie rekneskapen til Bø kommune for dei åtte første månadane i møtet 12. oktober. Då låg det an

til at barnevernet skulle bruke 600.000 kroner for mykje. Det var det same som i rapporten etter dei fire første månadane. Men på møtet i oktober vart det sagt at det kan liggje eit etterslep i etaten.

Då politikarane sist veke fekk rekneskapstala for utgangene av oktober viser det seg at denne sprekken nå er på totalt 3,6 millionar kroner.

– Kva har administrasjonen å seie om barnevernet, spurde ordførar Olav Kasland (V).

– Det viser seg at barnevernet ikkje har system for å ta ut

økonomirapportar for det enkelte barn, det må gjerast manuelt. Det blir etterslep, feilføring og liknande. Grovt sett er det mangel på oversikt, svarte skule- og oppvekstsjef Beate Darrud.

Høgt sjukefråver

Det er Sauheard kommune som har ansvar for barnevernet, og Darrud opplyser at det blir jobba med å få på plass system som kan gi oversikt og kontroll. Barnevernet har også hatt høgt sjukefråver. Darrud meiner det ligg på pluss-minus 20 prosent.

– Eg seier ikkje at det er slik,

men det kan vere lettare å bruke andre sine pengar. Korleis kan me kvalitetssikre at pengane blir brukt rett, spurde ordføraren.

Bergit Askildt Myrjord lurte på om situasjonen har betra seg eller om det eventuelt er teke omsyn til den økonomiske situasjonen i budsjettet for neste år. Darrud opplyste at kostnadane har gått ned og ein har teke høgde for dei barna som er tekne hand om av barnevernet i dag i budsjettforslaget, men bufferen er veldig liten.

Darrud opplyste at på det meste var det 35 barn som var

tekne hand om, men no har det gått tilbake til 25.

4,6 millionar i restunderskot

Slik det ligg an no ser det ut til at kommunen kan dekke inn 4,6 millionar kroner av tidlegare års underskot i år. Økonomisjef Richard Skaskiewicz opplyset at det dermed vil stå att like mykje av underskot frå tidlegare år, 4,6 millionar kroner, som må dekast inn i 2016 for at kommunen skal kome seg ut av Robek-lista.